	<input checked="" type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m ² <input type="checkbox"/> Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m ² <input type="checkbox"/> Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)						
	<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m ² , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2						
	<input type="checkbox"/> Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)						
	<input type="checkbox"/> Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining						
	<input type="checkbox"/> Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
	<input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkeleining		<input type="checkbox"/> Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/> Anleggs-eigedom	<input checked="" type="checkbox"/> Festegrund over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring	
	<input type="checkbox"/> Anna:						
	Planlagt bruk/formål			Beskriv			
				UTVIDING KJØKKEN OG STOVE			

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/> Reguleringsplan		<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan		
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
							1000 m ²
Grad av utnyting	Vis berekning av grad av utnyting. Rettleiing finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen						
	Hytta sin storleik vert på 52 m ² areal utviding						


Plassering				
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert			
Plassering av tiltaket	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert			
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/>	m	
	Minste avstand til anna bygning	17	m	
	Minste avstand til midten av veg	<input type="text"/>	m	Dette skal visast på situasjonsplanen

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	
<i>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.</i>		
Vassforsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input checked="" type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utsløppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	-	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	I -	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	1-4-	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
Tiltakshavar		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggt teknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn Sigmund Amelto	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon 91101499
Adresse Kesset b	Postnr. 6105	Poststad Volda
Dato 10/6-2016	Underskrift Sigmund Amelto	E-post
Gjenta med blokkbokstavar SIGMUND AMELTO	Eventuelt organisasjonsnr.	



Situasjonsplan
24.05.2016
Målestokk 1:500
Volda Kommune

6

5


4

3


2

1


102



FASADE MOT VEST (TILBYGG)




(NOT)




TILBYGG

FASADE MOT NORD



TILBYGG

FASADE MOT SØR



Ved påbygning vert inngangen flytta, og snurrede vert monterte.
Gamle inngangen + bad og we vert bygd om til soverom.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/982	Avd.
Løpnr.	Sns. Jorves
29 MAI 2017	
Arkivnr. BY66	
Klassering P. 135/2	
Klassering S:	


VOLDA KOMMUNE
 Postmottak
 Stormyra 2
 6100 Volda

Volda 29.05.17

SAK 2016/982


Som nevnt i skriv av 25/1-2017 har vi sagt oss villige til å forandre på vindua dersom det er problemet. Vi legg ved ny tegning der vindua er reduserte og er om lag på størrelse med den nye hytta på Dansen. Vil og nevne at det står fem hytter / set på Dansen med ulik byggestil. I festekontrakta står det og at tomte gis på Dansen hyttefelt.

Sigmund Åmefot



FASADE MOT VEST TILBYGG

TESSING





VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Sigmund Helge Åmelfot

Resett 6
6105 Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/982	14155/2016	136/ 1	SVK/ BENTKRO	09.12.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - GBR 136/1 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 06.12.16, hadde føre ovannemnde som sak 85/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet .

I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støyl i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Org. nr:
6100 Volda	70058887	939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:
	70058701	3991.07.81727

meinar at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

<https://kommune24-7.no/1519/bruker?retur=%2f1519%2f702514&shortname=702514>

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel

førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2520	6404	MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
INDRE DALSFJORD GRENDELAG	c/o Per Larsgård Steinsvik Steinsvikvegen 2	6120	FOLKESTAD
Jørgen Vestgarden			

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/982

Arkivkode: 136/ 1

Utvalsaksnr **Utval**
85/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
06.12.2016

GBR 136/1 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT

Handsaming:

Sindre Kvangardsnes Volda FRP kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støyismiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk. Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støyl i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støylane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støylane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Åshild Vik kom med nytt framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik som søkt om. Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å sjå på om der er endringar han kan gjere i forhold til alternativ takform, lenging av bygget mot sør og glasing i tilbygget.

Røysting:

Kvangardsnes sitt framlegg fikk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta mot (Sunde, Vik, Fylling og Bjørkedal)

Vedtak i Forvaltningsstyret - 06.12.2016

Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet .

I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen. Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er heller ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er heller ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer . Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støy i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid. Forvaltningsstyret meiner at dei støyane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støyane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk.

Administrasjonen si tilråding:

Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka.

Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om.

Vedleggsliste:

Søknad om byggeløyve med vedlegg

Innspel ved høyring

Uprenta saksvedlegg:

Kommuneplanen sin arealdel -1990

Kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram arealdelen - 2016.

Saksopplysningar/fakta:

Det er motteke søknad om løyve til tilbygg til hytte på Dansen seter i Volda kommune.

Hytta ligg i felleseige på stølen.

Det er ikkje utarbeidd eigen reguleringsplan for området.

I kommuneplanen sin arealdel er denne stølen nemnt som seterområde nr 9, der det er gitt fylgjande retningsliner:

"Før bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningsliner m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv."

Det vart i samband med kommuneplanarbeidet då utarbeidd framlegg til slike retningsliner. Desse vart lagt fram til politisk handsaming, men vart ikkje godkjent.

Nye framlegg til retningsliner er ikkje utarbeidd og ein står såleis også i dag utan slike godkjende retningsliner og plan/føresegner for bygging i området.

I pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel er det gitt fylgjande føringar for bygging i hytte /seterområda:

5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

Gjennom Samfunnsdelen er det formulert målsetting om å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handles,- kultur og opplevingsdestinasjon. På same måte som ein har eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Kva val ein gjer når ein forvaltar strandsona, setrane og hytteområda, som gjerne ligg i område som er attraktive friluftslivsområde, vert derfor viktig for den framtidige arealbruken.

.....

Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust :

- *Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.*

.....

- *Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.*

.....

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- *Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.*

- *Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.*

Med grunnlag i ovannemnde vurderer administrasjonen kravet i gjeldande kommuneplanen om slike retningslinjer som eit plankrav, og legg til grunn ei handsaming av saka som dispensasjon frå plankrav i kommuneplan.

Den aktuelle hytta ligg litt i utkanten av seterområdet, men er likevel i sterk grad med på å prege setra som byggeområde og miljø.

Det omsøkte tilbygg er planlagt som tilbygg ved vinkelbygg mot sørvest. Her fell terrenget av mot vegen og vatnet nedanfor og tilbygget vil på ein uheldig måte framheve hytta sin eksponerte plassering.

Administrasjonen i kommunen har i drøftingar med søkjar søkt å få han til å endre søknaden ved at tilbygg heller burde skje ved lenging av bygget mot sør, eller ved ei alternativ takform på tilbygget mot sørvest. Kommunen har også peika på at omsøkte glasing i tilbygget ikkje harmonerer med eksisterande byggestil og tradisjonell byggeskikk i dette området.

Tiltakshavar ynskjer ikkje å gå inn på slike endringar og ynskjer at søknaden vert handsama slik den er no. Utbygging i bygget si lengderetning er etter hans syn vanskeleg ut frå terrengmessige omsyn.

Saka har i høve dispensasjon frå plankravet vore sendt på høyring.

Det ligg føre fylgjande innspel:

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 15.08.2016:

Hytta ligg heilt tett inntil ei gammal seter, med 6 registreringar i kulturminneregisteret SEFRAK. Setra er frå om lag 1860 og blei registrert i 1992. Bileta nedanfor er teke i samband med denne registreringa. Vi er ukjend med korleis tilstanden er no, men med utbreidd bruk av stein vil vi tru ei del av bygningsmassen er bevart. I samband med arbeidet med kommunal kulturminneplan ser dette ut som ei spennande seter, som bør bli vurdert for å få plass der. Plasseringa på ca. 600 moh, og stor bruk av tilgjengeleg stein som byggemateriale, syner ressursutnytting både i forhold til bygg og matauk i utmark. Bruk av stein var særleg vanleg der tilgangen på trevirke var dårleg som her på fjellet, men vi er elles og kjend med steinhus lengre ned heilt i ytre strok, som til dømes i Sande og Vanylven.

Det største av sela har nær lik storleik på grunnflata som hytta, medan resten av bygningane på setra er vesentleg mindre. Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ei meir samansett og framand form enn seterhusa, og den vil bli langt større enn dei andre bygninga. Med plasseringa så tett inn i setermiljøet meiner vi det er svært uheldig at hytta skal verte meir dominerande enn den allereie er. Vi rår difor sterk frå godkjenning av planane, og vil vurdere å klage dersom det vert gjeve løyve til tilbygg.

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle

området. Vi har soleis ingen spesielle merknader knytt til arealbruken. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og at ein melder i frå til oss dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, til dømes kolhaldige jordlag, eller konsentrasjonar med brent stein og kol, jf. § 8 i kulturminnelova.

Konklusjon

Med plasseringa så tett inn i setermiljøet meiner vi det er svært uheldig at hytta skal verte meir dominerande enn den allereie er. Vi rår difor sterk frå godkjenning av planane, og vil vurdere å klage dersom det vert gjeve løyve til tilbygg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 31.08.2016

Saka gjeld søknad om løyve til tilbygg til hytte på Dansen seter. Støylen ligg på 600 moh. i eit ope fjellterreng. Der er 4 sel, 2 steinfjøsar og ein mur, og støylen ligg monumentalt plassert på ei høgd.

I kommuneplanen sin arealdel er Dansen nemnt som seterområde, nr 9, der det star følgjande: For bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningsliner m.a. med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv. Det er ikkje utarbeidd slike retningsliner, og kommunen har difor ikkje planføresegner for bygging i området, sjølv om det tydeligvis har vore intensjonen å utarbeide slike.

Natur-og miljøverninteresser

Etter omsøkte utviding på 8,8 m² vil bygningen få ein storleik på 52 m², noko som er langt større enn dei andre bygningane her. Den ligg litt i utkanten av resten av sela på setra, men den ligg eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg og dominerande når ein kjem opp stien frå vegen til seterområdet. Sjølv om tilbygget i seg sjølv er beskjedent, vil plasseringa og den utstrakte bruken av glas vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg i høgste grad gjeldande i denne saka, og kommunen bør legge stor vekt på at eventuelle tiltak ikkje forringar dei store naturgjevne og kulturhistoriske kvalitetane i dette og tilsvarende område.

Vi vonar kommunen utarbeider retningsliner for stølsområda i det arbeidet som no er i gang med ny kommuneplan. Vi minner dessutan om presedensverknaden saka sitt utfall vil få for tilsvarende søknader.

Saka sett i høve til Kommuneplanen sin samfunnsdel/arealdel:

Vurdert i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Omsyn til kultur og miljø skal avklarast gjennom utarbeiding av retningsliner.

Omsøkte tilbygg bryt etter administrasjonen si vurdering med intensjon om tilpassing til byggeskikk og bygningsmiljø i stølsområdet. jf tilråding i saka.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

Vurdering og konklusjon:

Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ein storleik og ei meir samansett og framand form som sterkt bryt med seterhusa elles. Med plasseringa så tett inn i setermiljøet vurderer ein det som svært uheldig at hytta skal utbyggast i storleik og form som omsøkt. Vi rår difor frå godkjenning av søknaden.

.....
Utviklingssjef
Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:
Sigmund Åmelfot, Reset 6, 6105 Volda

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkesmannen i Møre og Romsdal m. fl
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Indre Dalsfjord Grendautval
Utvikling

2016/982	Avg	Utv
	Sp	Perhel
27. JAN 2017		
BYGG		
135/2		

Til Forvaltningsstyret i Volda Sak 2016/982

Som søker av tilbygg på hytta mi på Dansen, har eg behov for å kome med nokre faktaopplysningar vedrørende dette prosjektet. Dette gjeld i høve til klager frå Ståle Åmelfot og Fylkesmannen.

Klage frå Ståle Åmelfot datert 23.12.2016.

Eg og Tordis var personlig inn til Ståle på Ragnvaldmarka med nabovarsel og teikning av nevnte påbygg, han skreiv under på nabovarselet med klagefrist. Vi ville vise han teikningane, men dei var han ikkje interessert i å sjå.

Klage frå Fylkesmannen datert 19.12.2016.

Bilete nr 1, 2,3 og 4 som Fylkesmannen brukar, er frå 1990-talet då det var snakk om verning av sætrar. Mykje er endra sidan då. Det grå selet midt på bilde nr 4, er påbygd i 2002 og står i dag fram som ei moderne, fin hytte/sel, mykje brukt i sesongen. Når det gjeld selet bak til høgre for denne, er halve selet vekk, resten står til nedfalls med murar som er i ferd med å sige ut. Fjosen er vekk. Eigar av denne har fått bygge seg ei ny hytte utanfor støylen. Eg legg ved nokre bilder frå Dansen i dag.

Hytta vår har aldri vore ein del av særestøylen. Far min fikk bygge der ho står i dag i 1960-61, og den er ikkje bygd på murar frå eit tidligare sel, slik Fylkesmannen antyder. Hytta var 15 kvm utvendig.

Fylkesmannen skriv at hytta vår har ei stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, mange doble funksjonar, inngangar, bad/wc, resultat av alle tilbygga osv..

Hytta fekk eit tilbygg i 1981, då vi tok over etter far min, det vart då stove/gang og wc med porta potti. Bildet nr 4 frå Fylkesmannen viser hytta som ho vart då. Neste byggesteg var i 2002 med ny inngang, biotoalett og lagerrom for ved. Valmataket vart endra til eit møne. Hytta fikk også torvtak. Den er i dag 42 kvm utvendig.

Det har dessverre ikkje vorte teikna riktig rominndeling på dei nye planteikningane frå 2016, som viser at den gamle inngangen med wc er gjort om til soverom. Dette er det opplyst om i eit tilleggsbrev frå 2002 til Volda Kommune, som Fylkesmannen sannsynligvis ikkje har fått tilsendt frå planavdelinga.

Den nye inngangen vart bygd delvis fordi snøen la seg ofte over mønet ved den gamle inngangsdøra, og dette var lite kjekt i påsketider, og delvis for å gi plass til biotoalett.

Hytta framstår i dag som lita og kompakt, det er plass til 3 personar rundt kjøkkenbordet der 2 av desse sit kloss inntil vedaovnen. Familien veks og vi skulle gjerne fått plass til eit standard spisebord istadenfor, derfor søker vi no om utvidelsen vestover. Dette påbygget vil nesten dekke verandaen i dag, og det vil ikkje kome ein ny veranda istadenfor. Innvendig vil dette gi plass til større kjøkkenbord og litt større stovekrok. Hytta vil verte ca 50 kvm, mindre enn veldig mange hytter på Fjordafjellet.


Hvis vindusflatene framstår som store, er det ikkje noko problem i å bruke mindre vindu. Hensikta med større vindu, var for å få sett den flotte utsikta uten å måtte gå i knestående, men dette er ikkje eit krav.

Å bygge framover haugen i sør er ikkje ei løysing for oss, der er fjell som då må sprengast, og å bygge ut den vegen vil gi ei lang og markant hytte. Det vil heller ikkje løyse plassproblemet rundt kjøkkenbordet.

Tordis og Sigmund Åmelfot, 25.01.2017

1 vedlegg

Tordis Åmelfot
Sigmund Åmelfot



Hytta 2015



Til venstre 2 sel, til høyre Sigmund og Tordis si hytte



Hytta til Tordis og Sigmund, 2015



Halvt sel, resten til nedfalls. Dette selet er ved inngangen til seterstølen, gjerdet markerer det.



Til venstre litt av sel som er ombygd, det halve selet og ruinene etter den gamle fjøsmuren.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2520
6404 MOLDE

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/982	1873/2017	135/2	SVK/ UNNISTRA	09.02.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - GBR 135/2 - TILBYGG TIL HYTTE -
DANSEN, ÅMELFOT (136/1) - KLAGE OVER VEDTAK I
FORVALTNINGSUTVALET SAK 85/16**

Vi melder med dette frå at forvaltningsutvalet den 07.02.2017, hadde føre ovannemnde som sak 14/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet ved tidlegare handsaming og som gir grunn til endra vedtak i saka.

Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 85/16.

Forvaltningsstyret viser og til at klage frå Fylkesmannen delvis baserer seg på gamle opplysningar og bilete som ikkje samsvarar med den bygningsmasse og tilstand som er på Dansen i dag.

Begrunning:

Både administrasjonen i Volda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal argumenterer med at støylen har stor verneverdi og er viktig å behalde i sin opprinnelege form. Forvaltningsutvalet finn det derfor svært uheldig at det i denne saka vert lagt opp til ei svært uheldig forskjellsbehandling av hytteeigarane på støylen. Det er nyleg gitt løyve til å bygge ei hytte like inntil stølsområdet som erstatning for eit av dei oppinnelege sela på den oppinnelege støylen. Dette har medført at eit av sela som nemnde etatar finn verneverdige, no står for fall. Forvaltningsstyret meiner at ei utviding av ei hytte med 8 kvadratmeter ikkje er å sjå på som ein trussel for den visuelle opplevinga av verken støylen eller landskapet i området.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946 3991.07.81727

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
Sigmund Helge Åmelfot	Reset 6	6105	Volda
Ståle Kjell Åmelfot	Ragnvaldmarka 4	6102	Volda
Indre Dalsfjord Grendautval v/Svein Reite	Åmelfotdalen 11	6120	FOLKESTAD

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Fagansvarleg planPer Heltne

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/982

Arkivkode: 135/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Forvaltningsutvalet	07.02.2017

GBR 135/2 - TILBYGG TIL HYTTE - DANSEN, ÅMELFOT (136/1) - KLAGE OVER VEDTAK I FORVALTNINGSUTVALET SAK 85/16

Handsaming:

Petter Espe, H, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet ved tidlegare handsaming og som gir grunn til endra vedtak i saka.

Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 85/16.

Forvaltningsstyret viser og til at klage frå Fylkesmannen delvis baserer seg på gamle opplysningar og bilete som ikkje samsvarar med den bygningsmasse og tilstand som er på Dansen i dag.

Sindre Kvangarsnes, FRP, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsutvalet tek ikkje mottekne klager til fylgje og opphevar ikkje sitt vedtak i 85/16.

Begrunning:

Både administrasjonen i Volda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal argumenterer med at støylen har stor verneverdi og er viktig å behalde i sin opprinnelege form.

Forvaltningsutvalet finn det derfor svært uheldig at det i denne saka vert lagt opp til ei svært uheldig forskjellsbehandling av hytteeigarane på støylen. Det er nyleg gitt løyve til å bygge ei hytte like inntil stølsområdet som erstatning for eit av dei opprinnelege sela på den opprinnelege støylen. Dette har medført at eit av sela som nemnde etatar finn verneverdige, no står for fall. Forvaltningsstyret meiner at ei utviding av ei hytte med 8 kvadratmeter ikkje er å sjå på som ein trussel for den visuelle opplevinga av verken støylen eller landskapet i området.

Petter Espe og Sindre Kvangarsnes samordna sine framlegg og kom med fylgjande felles framlegg:

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet ved tidlegare handsaming og som gir grunn til endra vedtak i saka.

Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 85/16.

Forvaltningsstyret viser og til at klage frå Fylkesmannen delvis baserer seg på gamle opplysningar og bilete som ikkje samsvarar med den bygningsmasse og tilstand som er på Dansen i dag.

Begrunning:

Både administrasjonen i Volda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal argumenterer med at støylen har stor verneverdi og er viktig å behalde i sin opprinnelege form.

Forvaltningsutvalet finn det derfor svært uheldig at det i denne saka vert lagt opp til ei svært uheldig forskjellsbehandling av hytteeigarane på støylen. Det er nyleg gitt løyve til å bygge ei hytte like inntil stølsområdet som erstatning for eit av dei opprinnelege sela på den opprinnelege støylen. Dette har medført at eit av sela som nemnde etatar finn verneverdige, no står for fall. Forvaltningsstyret meiner at ei utviding av ei hytte med 8 kvadratmeter ikkje er å sjå på som ein trussel for den visuelle opplevinga av verken støylen eller landskapet i området.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og fellesframlegget frå Espe og Kvangarsnes, fekk fellesframlegget seks røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster og fall (Sunde, Vik og Festø).

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 07.02.2017

Forvaltningsutvalet finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjende for utvalet ved tidlegare handsaming og som gir grunn til endra vedtak i saka.

Forvaltningsutvalet held fast på sitt vedtak i sak 85/16.

Forvaltningsstyret viser og til at klage frå Fylkesmannen delvis baserer seg på gamle opplysningar og bilete som ikkje samsvarar med den bygningsmasse og tilstand som er på Dansen i dag.

Begrunning:

Både administrasjonen i Volda kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal argumenterer med at støylen har stor verneverdi og er viktig å behalde i sin opprinnelege form. Forvaltningsutvalet finn det derfor svært uheldig at det i denne saka vert lagt opp til ei svært uheldig forskjellsbehandling av hytteeigarane på støylen. Det er nyleg gitt løyve til å bygge ei hytte like inntil stølsområdet som erstatning for eit av dei opprinnelege sela på den opprinnelege støylen. Dette har medført at eit av sela som nemnde etatar finn verneverdige, no står for fall. Forvaltningsstyret meiner at ei utviding av ei hytte med 8 kvadratmeter ikkje er å sjå på som ein trussel for den visuelle opplevinga av verken støylen eller landskapet i området.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet tek mottekne klager til fylgje og opphevar sitt vedtak i sak 85/16.*
2. *Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka. Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om.*

Vedleggsliste:

Særutskrift av sak 85/16 med vedlegg. 6.12.2016

Møre og Romsdal Fylkeskommune, klage - brev av 19.12.2016

Ståle Åmelfot, klage- brev av 23.12.2016

Sigmund Åmelfot - Nytt innspel frå søkjar 27.01.2017

Uprenta saksvedlegg:

Kommuneplanen sin arealdel -1990

Kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram arealdelen - 2016.

Kommuneplanen sin arealdel - planprogram

Saksopplysningar/fakta:

Søknad om løyve til tilbygg til hytte i felleseige på støylen Dansen i Volda kommune vart handsama av Forvaltningsstyret som sak 85/16 den 6.12.2016.

Etter framlegg frå representant Sindre Kvangardsnes vart det med 5 mot 4 røyster gjort slikt vedtak:

"Tiltakshavar har ved denne søknaden bedt om løyve til å gjennomføre ei modernisering av hytta si som kan vere med på at nettopp denne hytta fortsatt kan vere ein del av støylsmiljøet . I motsatt fall vil mest sannsynleg denne hytta lide same skjebne som dei andre sela/hyttene som stod på den opprinnelege støylen.

Forvaltningsstyret ser det som nødvendig at folk får vøle hyttene sine og sette dei i ein slik stand at dei er tenelege for dagens bruk.

Med grunnlag i dette finn forvaltningsstyret å kunne gje dispensasjon til tilbygg slik det er søkt om.

Begrunning;

Dansen er eit sel/hyttefelt som er restar av ein støyl som var aktuell då det var aktiv stølsdrift og heilt andre krav til fritidshus en det er i dagens samfunn. Støylen er ikkje freda, og det er helder ikkje utarbeidd retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialvalg mv. Det er helder ikkje planføresegner for bygging i området. Akkurat dette ber bygningsmassen i området preg av. På tross av dette vert saka handsama som ei dispensasjonssak frå nettopp slike retningslinjer .

Forvaltningsstyret meiner at dette er på grensa til god sakshandssamingsskikk.

Frå den opprinnelege støylen er der kun 2 fjøsar som endå framstår som nokolunde original. Elles så er sela påbygde i forskjellige variantar og storleik alt etter

brukarane sine behov. Eit av sela var i så dårleg forfatning at vedkomande eigar ikkje såg seg syn med og sette det i stand, og fekk for nokre få år sidan løyve til nybygg i utkanten av støylen . Det opprinnelege selet står derfor i dag til forfalls og kjem nok til å lide same skjebne som mange andre sel ifrå den tid som ikkje stettar krava til dagens fritidsbustadar. Det viser seg at det er svært få som er interesserte i å bevare desse gamle sela for romantikken si skyld, det ser vi eit godt eksempel på her. Forvaltningsstyret er redd for at den omsøkte hytta vil lide same skjebne som nabosela om slikt løyve ikkje vert gjidd.

I fjellområdet i Indre Dalsfjord er der ca 60 hytter i aktiv bruk. Der er 1 verna støyl i området, og den framstår som original og symboliserer ei svunnen tid.

Forvaltningsstyret meiner at dei støylane som ikkje er freda vert best bevarte ved aktivt bruk. Dette fordrar at eigarane og brukarane får sette desse støylane i ein slik stand at det kan motivere til nettopp slik bruk."

Administrasjonen hadde i saka fylgjande tilråding:

"Sjølv om hytta ligg litt i utkanten av setra ligg den eksponert til og tilbygget vil bli godt synleg. Samla volum og planlagt utbyggingsform bryt sterkt med byggestilen i området og vil vere negativt for den visuelle opplevinga av støylen. Omsynet til landskapet gjer seg også i høgste grad gjeldande i saka.

Med grunnlag i dette finn Forvaltningsstyret ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik søkt om."

Utvalsmedlem Åshild Vik kom med fylgjande framlegg til vedtak:

"Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gje dispensasjon for tilbygg slik som søkt om. Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å sjå på om der er endringar han kan gjere i forhold til alternativ takform, lenging av bygget mot sør og glasing i tilbygget."

Kopi av saka ligg ved.

Innanfor gjeldande klagefrist ligg det no føre to klager over Forvaltningsstyret sitt vedtak. Det er klage frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, jf brev av 19.12.2016 der det heiter:

Ut frå kulturminneomsyn vil vi med dette klage på vedtaket.

Setra har i dag ingen formell vernestatus, men vi ser heilt klart at dette er ei seter med høg verneverdi, som må vurderast ut frå kriteria i Regional kulturminneplan og likeeins i lokal kulturminneplan for Volda kommune. Vi vurderer det derfor slik at kommunen må sette strenge krav til framtidige tiltak, slik at desse ikkje øydelegg verneverdien setra sætra har i dag.

Vernevurdering

På bilde 1 ser vi stølen plassering i eit høg fjellsterreng, med høg fjellsvegetasjon utan trær, noko som har gitt stølen ei open og monumental plassering 600 moh. Vi har ikkje vore på staden, men bileta frå SEFRAK-registeret, frå Svein Holmen og flyfoto frå 2010 i GIS-link, syner at stølen i stor grad er opphavleg.

På bilde 2 ser vi den eine steinfjøsen og steinmur under sel. Plasseringa 600 moh med stor bruk av stadleg stein som byggemateriale, viser ressursutnytting både i forhold til bygg og bruk, med matauk i utmark. Bruk av stein var særskilt vanleg der tilgangen på trevirke var dårleg, slik som her, men vi er også kjende med steinhus lengre nede mot sjøen i ytre strok, som til dømes i Sande og Vanylven. Dette er også nytta andre stader på fjellet, men nærleiken til Vanylven gjer steinbruken særskilt interessant her.

.....

På flyfoto ovanfor ser vi at eit sel og hytta har fått uheldig utforma veranda/uteplass, men hytta har til gjengjeld fått torvtak, noko som er bra.

Frå før er hytta eit bygg med ei relativt stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, som over tid har gitt bygget ei noko avvikande form. Det no omsøkte tilbygget med møne og store vindauge, vil forsterke avviket frå den opphavelige bygningsstilen på sæterstøylene og medføre at bygget vil bli meir dominerande, særskilt sett frå bilvegen og stien, frå vest.

Planteikningane viser ei relativt kompleks løysning, med mange doble funksjonar i form av inngangar, bad/WC m.m. Kompleksitet synes å kunne vere eit resultat av alle tilbygga, eventuelt omvendt. Tiltak som utvendig veranda manglar i plan og fasadeteikning.

Sjølv om det på sæterstøylene finst andre tilbygg, så vil kompleksiteten og omfanget av tilbygg i dette høvet vere avvikande. Vi har av den grunn ikkje gått inn og vurdert alternative løysingar i form av andre tilbyggsløysningar.

Samandrag

Vi veit ikkje om det opphavelige selet låg akkurat der hytta står i dag, men vi vurderer det beste for å bevare verneverdien til sæterstøylene, at bygget ikkje vert større enn det det er i dag, særskilt ikkje i form av eit nytt tilbygg.

Omfattande tilbygg, store vindauge og uteplass, er element som vil kunne verke privatiserande og øydeleggande for opplevinga av setra. Ei slik utforming vil heller ikkje vere nokon tilskot til sæterstøylene som kulturminne.

For at hytta skal kunne bidra til å verne om den gamle sæterstøylene, må eventuelle endringar bli basert på opphavelig byggeprinsipp og form, jf. utdrag frå PBL nedanfor:

*"§ 31-1. Ivaretagelse av kulturell verdi ved arbeid på eksisterende byggverk
Ved endring av eksisterende byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart. § 29-2 gjelder tilsvarende."*

Konklusjon

Vi vurderer ut i frå nyare tids kulturminneinteresser å måtte påklage kommunens vedtak om dispensasjon. Klagen er heimla i PBL, § 31-1 og kulturminnelova § 1."

Det ligg også føre klage frå ein grunneigar Ståle Åmelfot, som er medeigar i fellesområdet som støylene ligg i, jf brev av 23.12.2016:

Her heiter detm.a. (sjå elles heile merknaden som ligg ved):

"Eg er medeigar i fellesområdet på Dansen, grunneigar på 136/1. Eg mottok nabovarsel frå Sigmund Åmelfot- utan teikning- og som grunneigar har eg ikkje gitt løyve til utviding.

Viser også til at det skal utarbeidast planar for gamle sætrar i kommunen og at ein i påvente av desse stoppar all utbygging/påbygg.

Det er ikkje rett som leiar i Forvaltningsstyret hevdar at hytter/sel forfell. Det er feil, det er mange som er på utkikk etter hytter med enkel stand.

Vidare er utvidinga ikkje ei modernisering, og for dagens eigar er den truleg ikkje for lita. Hytta var i utgangspunktet svært lita- og med velvilje frå grunneigarane vorte utvida fleire gonger. Etter kvart har den vorte svært markert og fell lite naturleg inn i miljøet.

Eg er samd i administrasjonen si tilråding og ber om at Fylkesmannen opphevar vedtaket i Forvaltningsstyret."

Vurdering/konklusjon:

I høve mottekne klager finn eg grunn til å vise til opplysningar gitt i saksutgreiinga i sak 86/16. Det heiter der m.a.:

"Etter I kommuneplanen sin arealdel er denne stølen nemnt som seterområde nr 9, der det er gitt fylgjande retningslinjer:

"Før bygging i seter-/stølsområda skal det gjevast nærare retningslinjer m.a med omsyn til miljø, byggeskikk, materialval mv."

Det vart i samband med kommuneplanarbeidet då utarbeidd framlegg til slike retningslinjer. Desse vart lagt fram til politisk handsaming, men vart ikkje godkjent.

Nye framlegg til retningslinjer er ikkje utarbeidd og ein står såleis også i dag utan slike godkjende retningslinjer og plan/føresegner for bygging i området.

I pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel er det gitt fylgjande føringar for bygging i hytte /seterområda:

5.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust.

Gjennom Samfunnsdelen er det formulert målsetting om å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handles,- kultur og opplevingsdestinasjon. På same måte som ein har eit mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Kva val ein gjer når ein forvaltar strandsona, setrane og hytteområda, som gjerne ligg i område som er attraktive friluftslivsområde, vert derfor viktig for den framtidige arealbruken.

.....

• Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

.....

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

- Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.*
- Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.*

Med grunnlag i ovannemnde vurderer administrasjonen kravet i gjeldande kommuneplanen om slike retningslinjer som eit plankrav, og legg til grunn ei handsaming av saka som dispensasjon frå plankrav i kommuneplan er rett.

Den aktuelle hytta ligg litt i utkanten av seterområdet, men er likevel i sterk grad med på å prege setra som byggeområde og miljø.

Det omsøkte tilbygg er planlagt som tilbygg ved vinkelbygg mot sørvest. Her fell terrenget av mot vegen og vatnet nedanfor og tilbygget vil på ein uheldig måte framheve hytta sin eksponerte plassering.

Administrasjonen i kommunen har i drøftingar med søkjar søkt å få han til å endre søknaden ved at tilbygg heller burde skje ved lenging av bygget mot sør, eller ved ei alternativ takform på tilbygget mot sørvest. Kommunen har også peika på at omsøkte glasing i tilbygget ikkje harmonerer med eksisterande byggestil og tradisjonell byggeskikk i dette området."

Det er også i høve til mottekne klager grunn til å vise til dei innspel som låg føre ved handsaming av sak 86/16, frå M.R.Fylkeskommune, med brev av 15.08.2016 og frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 31.08.2016."

Kommunen er no også i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

I planprogrammet tilknytt dette er det m.a fastlagt fylgjande, knytt til **Arealstrategiar for fritidsbusetnad, setrar og naust :**

Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

Behov for utgreiingar, kartleggingar m.v.:

Oppdatering av "Stølsregisteret" med kartlegging og verdsetting av setremiljø.

Utarbeide forslag til retningslinjer for bygging av nye hytter og naust.

Dette arbeidet er no godt i gang og forsterkar etter administrasjonen si vurdering det krav til betre avklaring som er ønskjeleg før vidare utbygging i desse stølsområda, slik det også vert framheva i mottekne klager.

Her vil ein også vektlegge at Dansen er ein slik særprega støl både med omsyn til plassering, form og bygningsmessig uttrykk.

Jf også opplysingar gitt Fylkeskommunen si klage, og klage frå og frå medeigar i fellesområdet.

Med det føreslåtte tilbygget vil hytta få ein storleik og ei meir samansett og framand form som sterkt bryt med seterhusa elles.

Gjennom klagen er dei omsyn som er skissert behov for i sak 85/16 understreka og nærare grunnlagt. Administrasjonen vurderer dette som nye opplysningar og ein betra dokumentasjon som gir grunn til ny vurdering av saka.

Klaga frå grunneigar /nabo gir ikkje grunn til endra haldning.

Han er varsla gjennom nabovarselskjema og ikkje då har hatt merknader til saka.

Om der er privatrettslege tilhøve som er uavklara er ikkje dokumentert.

Søklar har i brev motteke 27.01.2017 gitt sine kommentarar til dei mottekne klagen.

Her heiter det:

"Som søklar av tilbygg på hytta mi på Dansen, har eg behov for å kome med nokre faktaopplysningar vedrørande dette prosjektet. Dette gjeld i høve til klager fra Ståle Amelfot og Fylkesmannen.

Klage frå Ståle Amelfot datert 23.12.2016.

Eg og Tordis var personlig inn til Ståle på Ragnvaldmarka med nabovarsel og teikning av nevnte påbygg, han skreiv under på nabovarselet med klagefrist. Vi ville vise han teikningane, men dei var han ikkje interessert i å sjå.

Klage frå Fylkesmannen datert 19.12.2016.

Bilete nr 1, 2,3 og 4 som Fylkesmannen brukar, er fra 1990-talet då det var snakk om verning av setrar. Mykje er endra sidan då. Det grå selet midt på bilde nr 4, er påbygd i 2002 og står i dag fram som ei moderne, fin hytte/sel, mykje brukt i sesongen. Når det gjeld selet bak til høgre for denne, er halve selet vekk, resten står til nedfalls med murar som er i ferd med å sige ut. Fjosen er vekk. Eigar av denne har fått bygge seg ei ny hytte utanfor støylen.

Eg legg ved nokre bilder fra Dansen i dag.

Hytta var har aldri vore ein del av sætrestøylen. Far min fikk bygge der ho står i dag i 1960-61, og den er ikkje bygd på murar frå eit tidligare sel, slik Fylkesmannen antyder. Hytta var 15kvm utvendig.

Fylkesmannen skriv at hytta vår har ei stor samla grunnflate, med tilbygg i fleire retningar, mange doble funksjonar, inngangar, bad/wc, resultat av alle tilbygga osv..

Hytta fekk eit tilbygg i 1981, da vi tok over etter far min, det vart da stove/gang og wc med porta potti. Bildet nr 4 frå Fylkesmannen viser hytta som ho vart da.

Neste byggesteg var i 2002 med ny inngang, biotoalett og lagerrom for ved. Valmataket vart

endra til eit møne. Hytta fikk også torvtak. Den er i dag 42 kvm utvendig.

Det har dessverre ikkje vorte teikna riktig rominndeling på dei nye planteikningane frå.2016, som viser at den gamle inngangen med wc er gjort om til soverom. Dette er det opplyst om i eit tilleggsbrev fra 2002 til Volda Kommune, som Fylkesmannen sannsynligvis ikkje har fått tilsendt frå planavdelinga.

Den nye inngangen vart bygd delvis fordi snøen la seg ofte over mønet ved den gamle inngangsdøra, og dette var lite kjekt i påsketider, og delvis for å gi plass til biotoalett. Hytta framstår i dag som lita og kompakt, det er plass til 3 personar rundt kjøkkenbordet der av desse sit kloss inntil vedaovnen. Familien veks og vi skulle gjerne hatt plass til eit standard spisebord istadenfor, derfor søker vi no om utvidelsen vestover. Dette påbygget vil nesten dekke verandaen i dag, og det vil ikkje kome ein ny veranda istadenfor. Innvendig vil dette gi plass til større kjøkkenbord og litt større stovekrok. Hytta vil verte ca 50 kvm, mindre enn veldig mange hytter pa Fjordaffjellet.

Hvis vindusflatene framstår som store, er det ikkje noko problem i å bruke mindre vindu. Hensikta med store vindu, var for å få sett den flotte utsikta uten å måtte gå i kneståande, men dette er ikkje eit krav.

Å bygge framover haugen i sør er ikkje ei løysing for oss, der er fjell som då må sprengast, og å bygge ut den vegen vil gi ei lang og markant hytte. Det vil heller ikkje løyse plassproblemet rundt kjøkkenbordet."

Vedlagt brevet er bilete frå området. sjå vedlegg.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering ut klager og tidlegare vurderingar, jf det pågåande arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, å rå til at Forvaltningsutvalet gjer om sitt vedtak i sak 85/16.

Vi vil tilrå at vedtaket i sak 85/16 vert oppheva og at det ver gjort nytt vedtak i samsvar med administrasjonen si tilråding i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Omsyn til kultur og miljø skal avklarast gjennom utarbeiding av retningsliner.

Omsøkte tilbygg bryt etter administrasjonen si vurdering med intensjon om tilpassing til byggeskikk og bygningsmiljø i stølsområdet. jf tilråding i sak 86/16.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

.....
Utviklingsjef
Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagehandsaming.

Kopi:

Sigmund Åmelfot, Reset 6, 6105 Volda
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Ståle Åmelfot
Indre Dalsfjord Grendautval v/Svein Reite
Utvikling



leopi:borves

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
2016/982	Utv Perhal
10 MAI 2017	
BYGG 135/2	

Volda kommune - vedtak i klagesak etter plan- og bygningsloven - gnr135 bnr2 - tiltakshavar: Sigmund Åmelfot

Fylkesmannen opphevar kommunen sitt vedtak. Klagen blir dermed tatt til følge.

Det vises til kommunen sin ekspedisjon av 09.02.17.

Sigmund Åmelfot har den 10.06.16 søkt om byggjeløyve for tilbygg til hytte på gnr. 135 bnr. 2. Tilbygget vil ha ein storleik på 8,8 m².

I møte den 06.12.16 har Forvaltningsstyret, under sak nr. 85/16, innvilga søknaden og gitt dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen.

Vedtaket er påklaga av Møre og Romsdal fylkeskommune ved brev datert 19.12.16. Det blir i klagen vist til at dette er ei seter med høg verneverdi, der kommunen må sette strenge krav til tiltak for å ivareta denne. Klagar meiner at det omsøkte tilbygget vil forsterke avviket frå den opphavlege bygningsstilen og medføre at bygget blir meir dominerande, og at dette ikkje vil bidra til å ivareta verneverdien til seterstølen.

Vedtaket er vidare påklaga av Ståle Åmelfot ved brev datert 23.12.16. Han viser til at han er medeigar i fellesområdet på Dansen, og som grunneigar har han ikkje gitt løyve til utviding. Klagar er vidare usamd i Forvaltningsstyret si vurdering av at gamle hytter/sel forfell, og at det difor er nødvendig å gi løyve til tiltaket for å sikre at denne blir halde i stand. Klagar stiller vidare spørsmål ved behovet for utviding, og viser til at hytta har vore utvida fleire gonger.

Klagen har vore lagt fram for tiltakshavar som har gitt fråsegn i brev av 25.01.17.

Forvaltningsutvalet behandla klagen i møte den 07.02.17 og under sak nr. 14/17 har dei halde fast på det første vedtaket i sak nr. 85/16. I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageorgan.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles vises det til saksdokumenta.

Fylkesmannens merknader:

Klagen er framsett innanfor lovbestemt klagefrist og vilkåra for å behandle dette som klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider ved saka og dersom klagen vert tatt til følgje kan vedtaket endrast eller opphevast og sendast tilbake for ny behandling i kommunen.

Det skal innleiingsvis presiserast at fylkesmannen ikkje har klaga på det aktuelle vedtaket, jf. ordlyden i kommunen si sak 14/17. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har påklaga vedtaket. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil såleis ikkje vere inhabil til å behandle denne klagesaka.

Tiltaket er planlagd utført i eit område som er omfatta av arealdel av kommuneplan, vedteke 31.05.90. I planen er området vist som byggjeområde; seterområde (9). Følgjande er fastsett i kommuneplanføresegnene:

«I område sett av til byggjeformål kan arbeid og tiltak (...) ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan eller bebyggelsesplan , jf PBL § 20-4, andre ledd, punkt a. *Seterområda er unnateke denne regelen.»*

Det er såleis gjort eit uttrykkeleg unntak frå plankravet for seterområda. Tilsvarande unntak er gjort i føresegn om plankrav knytt til hytteområda.

For seterområda er det fastsett slik føresegn: «For bygging i seter-/stølsområda skal gjevast nærare retningsliner m.a. med omsyn miljø, byggeskikk, materialval m.v.»

Når det i føresegnene om plankrav for byggjeområda, under dette hytteområda, er gjort uttrykkeleg unntak for seterområda, taler dette mot at føresegna knytt til seterområda kan tolkast som eit plankrav. Det same gjeld det tilhøvet at sistnemnde føresegn nyttar omgrepet «retningsliner», som ikkje i seg sjølv vil vere rettsleg bindande. Fylkesmannen kan difor ikkje sjå at det gjeld noko plankrav for utbygging i dette området.

Dette inneber likevel ikkje at ein står fritt med omsyn til utforminga av tiltaket. Det følgjer av pbl. § 29-2 at alle tiltak skal ha «gode visuelle kvaliteter» både i seg sjølv og i høve til sine omgivnader. I denne samanheng må det mellom anna leggest vekt på plasseringa av bygget, noko som inneber at det kan stillast strengare krav til eit tiltak som vil prege landskapet. Vidare må ein ta omsyn til om tiltaket blir plassert i eit område med særleg historisk eller kulturell interesse, da det i slike tilfelle vil vere grunnlag for å krevje at den visuelle kvaliteten som ein ønskjer å oppretthalde i slike område blir ivaretatt.

Dette må ein også sjå i samanheng med § 31-1, som seier at ved endring av eksisterande byggverk skal kommunen sjå til at «historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart». Denne føresegna oppstiller såleis ei plikt for kommunen til å ivareta den kulturelle verdien til eksisterande byggverk når det skal gjerast endringsarbeid på bygningar som har ein viss kulturell verdi. Kravet er likevel ikkje absolutt, slik at kommunen må ta omsyn til kva som er rimeleg å påleggje tiltakshavar ut frå praktiske og økonomiske omsyn, vurdert opp mot andre krav.

Kommunen har ikkje vurdert tiltaket opp mot føresegnene i § 29-2 og § 31-1, og fylkesmannen finn at desse vurderingane må gjerast av kommunen først. Fylkesmannen finn difor ikkje å kunne ta stilling til om tiltaket oppfyller krava i desse føresegnene.

Det går fram av grunngivinga ved kommunen sitt løyve til dispensasjon at ein mellom anna har lagt vekt på omsynet til at folk skal få setje hyttene i stand slik at desse er tenlege for dagens bruk, for å unngå at bygg vert ståande til nedfalls. Vidare er det vist til tidlegare gitt løyve, og likebehandling av hytteeigarar på stølen.

Fylkesmannen vil i denne samanheng vise til at det ikkje utelukkande kan leggjast vekt på omsynet til den enkelte tiltakshavar sitt behov, da eit av omsyna i vurderinga av visuelle kvalitetar nettopp vil vere ivaretaking av det opphavlege miljøet. Når det gjeld spørsmålet om likebehandling vil fylkesmannen vise til at vurderinga av visuelle kvalitetar må gjerast konkret for det enkelte tiltaket, der ein mellom anna må sjå på plasseringa av det enkelte tiltaket, kor synleg dette vil verte i landskapet mv.

Det ligg vidare føre klage frå ein grunneigar som viser til at han ikkje har gitt løyve til bygging på eigedommen. Det er nemnt i saksutgreiinga frå kommunen at hytta ligg i felleseige på stølen, men det ligg ikkje føre ytterlegare opplysingar knytt til eigedomstilhøva. I utgangspunktet er dette privatrettslege tilhøve som bygningsmyndigheitene ikkje skal ta stilling til ved behandlinga av byggesøknaden. Det følgjer av § 21-6 at dersom det er «åpenbart» for bygningsmyndigheitene at tiltakshavar manglar naudsynte privatrettslege rettar, skal søknaden avvisast. Det er såleis ein høg terskel for å avvise søknaden på dette grunnlaget, og føresegna legg opp til at bygningsmyndigheitene ikkje skal bruke ressursar på å avklare kompliserte privatrettslege spørsmål. Når det ligg føre ein uttrykkeleg protest frå ein grunneigar, må likevel kommunen gjere ei viss avgrensa undersøking av og vurdering av denne påstanden. Fylkesmannen ber difor kommunen om å vurdere protesten frå grunneigar opp mot føresegna i § 21-6. Dersom det etter ei avgrensa undersøking er uklart for kommunen om tiltakshavar har dei naudsynte privatrettslege rettar, er dette ikkje grunnlag for å avvise søknaden.

På bakgrunn av det som går fram ovanfor finn fylkesmannen å måtte oppheve kommunen sitt vedtak. Klagene har såleis ført fram.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, finn fylkesmannen å måtte oppheve kommunens vedtak i sak nr. 85/16. Saka blir sendt tilbake til kommunen for ny behandling i samsvar med det som er nemnt ovafor.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. forvaltningslova § 28.

Eventuelle krav om sakskostnader må setjast fram innan 3 veker etter at dette brevet vart mottatt. Kravet skal avgjerast av fylkesmannen, jf forvaltningslova § 36.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Sigmund Helge Åmelfot	Reset 6	6105	VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Indre Dalsfjord Grendautval v/Svein Reite	Åmelfotdalen 11	6120	FOLKESTAD
Ståle Kjell Åmelfot	Ragnvaldmarka 4	6102	VOLDA

Volda kommune
Postmottak
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 16/982	Ans. UTU
Løpernr.	Sms. JORVES
19 MAI 2017	
Arkivnr. BYGG	
Klassering P.	
Klassering S.	

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Volda 16.05.2017

**SAKNR. 2016/982 – VOLDA KOMMUNE – VEDTAK I KLAGESAK ETTER PLAN-
OG BYGNINGSLOVA – GNR. 135 BNR. 2 – TILTAKSHAVAR: SIGMUND
ÅMELFOT**

Eg syner til Fylkesmannen sitt vedtak av 08.05.2017.

Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt vedtak, og saka er sendt tilbake til kommunen for ny behandling.

Underteikna representerer Sigmund Åmelfot, som ber om at Volda kommune innvilgar byggjeløyve for tilbygg med 8,8 m2.

Fylkesmannen sine innvendingar er knytt til formalia som Fylkesmannen meiner skulle ha vore nemnd i kommunen sitt vedtak.

Vurdering pbl. § 29-2 og § 31-1

Fylkesmannen slår fast at det ikkje gjeld noko plankrav for utbyggjing, men meiner at kommunen i vedtaket skulle ha vurdert tiltaket opp mot § 29-2 og § 31-1 som omfattar gode visuelle kvalitetar og å ivareta den kulturelle verdien til eksisterande byggverk.

Forvaltningsstyret har to gongar tidlegare godkjent byggjesøknaden og der spørsmålet om visuelle kvalitetar og den kulturelle verdi har vore godt opplyst med bilete og teikningar. Fylkesmannen meiner likevel at dette ikkje har kome tydeleg nok til uttrykk i vedtaket til kommunen.

Det vert her peikt på at dette er ei svært lita utbyggjing, og der bygget erstattar areal som i dag er utbygd med terrasse. Bygget vert korkje høgare eller lengre, og er ein ordinær byggjestil for dei fleste hytter.

På Dansen er det i dag fire andre bygningar. Næraste nabohytta i nord er ombygt og påbygd 2002, og framstår som ei moderne hytte. Ei anna hytte inkl. ein fjøs er til nedfalls, og eigar har fått dispensasjon til å byggje ei stor, ny hytte om lag 30 meter frå Sigmund Åmelfot.

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonninggata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonninggata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jørund Knardal
Org.nr. 914 795 869 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
post@knardal.no
Avd.kto. Tonningstgt 42, 6783 Stryn

Det strir på ingen måte med dei kulturelle verdiane på staden å gi løyve til dette påbygget.

Grunnspørsmål

Fylkesmannen ber kommunen vurdere grunnspørsmålet, og om det er openbert om tiltakshavar manglar naudsynte privatrettslege rettar. Dersom det etter ei avgrensa undersøking er uklart for kommunen om tiltakshavar har dei naudsynte privatrettslege rettar, *«er det ikkje grunnlag for å avvise søknaden.»*

Sigmund Åmelfot har her dei privatrettslege rettar til å byggje dette påbygget. Det vert synt til vedlagde festekontrakt av 06.06.1981 som gjeld i 80 år. I tomtfestelova § 16 går det fram at *«Er det ikkje sagt noko i avtalen om storleiken på tomta (punktfeste), gjeld føresegnene i andre punktum for eit areal på eitt dekar (daa), medrekna der huset eller husa står og høveleg avrunda etter tilhøva på staden.»*

Eg ber om at kommunen innvilgar byggjesøknaden, og oppmodar om rask handsaming.

Med helsing


Jørund Knardal
Advokat

Kopi: Klient

529-0860-8

Kontraksformularet er utarbeidet av Norges Bondelag
og Norges Skogeierforbund.
Kontrakten føres på lager hos
Landbruksforlaget, Boks 3647 Gamlebyen, Oslo 1.
Trykt i september 1976.

Ettertrykk forbudt

FESTEKONTRAKT

Mellom *grunneierene i Amulfstete*, person nr.
adr.: *6137 Amulfstete*
eier av GNR. *135.1 og 136.1 og 2* BNR.
i *Volda* kommune, heretter kalt eieren, og
Jon S. Amulfstete, person nr.
adr.: *6137 Amulfstete*, heretter kalt
festeren, er det i dag inngått følgende festekontrakt:

§ 1. Tomta.

Festeren leier en hyttetomt av eierens eiendom *Amulfstete ytre*
GNR. *135.1 og 136.1 og 2* BNR. i *Volda* kommune.
Tomta gis nr., på *Dansen* hyttefelt.
Tomta er godkjent for hyttebebyggelse i.h.t. reguleringsplan/disposisjonsplan, stadfestet.

A. Tomtas beliggenhet er avmerket på plankartet for området og har fått koordinatene

x =, y =
eller:

B. Tomta er oppmålt, jfr. vedlagte kartforretning av
hvor tomtas grenser er angitt.
Festetiden er 80 år og regnes fra kontraktens underskrift.

C. Annen beskrivelse:

§ 2. Festeavgiften.

Festeavgiften pr. kalenderår er kr. ... 125,00. For den gjenværende del av første kalenderår er festeavgiften kr. ... 59,00. Festeavgiften for gjenværende del av inneværende år og for første hele festeår, kr. ... 175,00, forfaller til betaling ved kontraktens underskrift. For senere år belastes festeavgiften forskuddsvis innen ... 17. ... året forut. Festeavgiften indeksreguleres hvert tiende år i samsvar med prosentvis endring i konsumprisindeksen i den forløpne tidsperiode. En bruker konsumprisindeksen pr. 15. august i det år festekontrakten er inngått som basisindeks for reguleringen. Skulle konsumprisindeksen ikke bli opprettholdt i hele festetiden, anvendes den indeks som avløser konsumprisindeksen. Skulle eieren, for å få samtidig regulering av festekontrakten for hele hyttefeltet, foretrekke å la det gå mer enn 10 år mellom reguleringen, skal festeren ikke kunne motsette seg dette. I de kommuner der prisbestemmelsene for fast eiendom gjelder, skjer reguleringen av festeavgiften etter disse bestemmelser.

§ 3. Grunnlagsinvesteringer.

Ved kontraktens underskrift forfaller til betaling ved siden av festeavgiften, jfr. § 2, andel av fellesinvesteringene:

Anlegg for vannforsyning	kr.
Anlegg for avløp og renovasjon	kr.
Anlegg av veg og parkering	kr.
Plankostnader	
.....	kr.
.....	kr.
<hr/>	
Andel grunnlagsinvesteringer	kr.

§ 4. Avgifter

Festeren forplikter seg til å betale avgift til eieren eller kommunen for utført renovasjon, vann og kloakktjenester.

I tillegg til dette kommer eventuelt utgifter til vedlikehold av veg og snøbrøyting.

Avgiften er gjenstand for regulering hvert år.

Første år er ovennevnte avgifter:

Renovasjon	kr.
Vann/kloakk	kr.
Veg m/u snøbrøyting	kr.
<hr/>	
Sum	kr.

§ 5. Bebyggelse.

Festeren gis rett til å føre opp en hytte som skal plasseres etter anvisning fra bygningsrådet. For øvrig vises til reguleringsbestemmelsene som følger vedlagt.

§ 6. Vann, avløp og renovasjon.

1. Festeren plikter å rette seg etter de til enhver tid gjeldende forskrifter for området vedkommende vann, avløp og renovasjon. Dersom det kommer kommunale pålegg om å bygge anlegg i forbindelse med vann, avløp og renovasjon, forplikter festeren seg til å dekke sin forholdsmessige andel av disse kostnadene.
2. Vannkildene skal benyttes hensynsfullt til felles beste for festerne i området.
3. Avfall og kloakk/spillvann må ikke forurense noen drikkevannskilde eller på annen måte sjenere omgivelsene.

§ 7. Veger, parkering, adkomst.

Festeren gis rett til adkomst til sin hytte etter de veger som er utlagt i reguleringsplanen/disposisjonsplanen.

Dersom eieren ikke har opparbeidet veger og krevet refusjon for dette, forplikter festeren seg til å være med på å dekke opparbeidelseskostnadene dersom dette skulle bli aktuelt, samt være med på å dekke de årlige vedlikeholdsutgifter for vegene.

Vedrørende parkering vises til parkeringsplanen. Festeren plikter å hensette sine biler på de oppmerkede parkeringsplasser.

§ 8. Høgst, terrengbehandling, jakt, fiske, beite m.v.

Eieren eier skogen i byggeområdet, men skal ved skogbehandlingen ta hensyn til at byggeområdet nyttes til hytteområde.

Festeren må ikke foreta inngrep som forandrer terrengets utmarks karakter.

Utenom det avgrensede byggeområde skal skogbruk drives etter de til enhver tid gjeldende retningslinjer, jfr. Lov om skogbruk og skogvern.

Materialtransport m.v. må skje slik at sår i terrenget såvidt mulig unngås. Tomta skal holdes ryddig for avfall, materialrester m.v.

Festeren gis ingen jaktrett, fiskerett eller rett til ved på eierens eiendom. Festeretten endrer ikke beiteretten i området, og eieren er ikke ansvarlig for skade voldt av dyr på beite. Eventuell skade på beitedyr som kan føres tilbake på forhold som skyldes festeren, skal denne være ansvarlig for. Kun i spesielle tilfeller kan festeren, etter avtale med eieren eller eventuelle beiteberettigede, sette opp gjerde til vern mot beitedyr.

§ 9. Forretningsmessig virksomhet.

Festeren har ikke adgang til å drive forretningsmessig virksomhet på tomta/hytta, så som varesalg, herbergsvirksomhet o.l. Hytta kan leies ut inntil uker pr. kalenderår.

§ 10. Videre utbygging og utvikling i reguleringsområdet.

Bebyggelse i reguleringsområdet utover det som er angitt i reguleringsplan/disposisjonsplan datert er ikke tillatt med mindre reguleringsplanen/disposisjonsplanen blir endret. Festeren kan ikke gjøre innsigelser mot nye fellesanlegg i området, så som veger, parkeringsplasser, anlegg for vann, avløp og renovasjon m.v. Festeren kan heller ikke gjøre innsigelser mot framføring av kabler for elektrisitet eller fjernsyn, og festeren forplikter seg til fritt å la eventuelle luftkabler, ledninger eller jordkabler for slike anlegg passere over sin tomt.

§ 11. Overdragelse m. v.

Overdragelse av festeretten med bebyggelse kan bare skje med eierens samtykke, men samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn. Framleie av festeretten er ikke tillatt. Er det ikke oppført hytte på tomta innen, kan eieren kreve festet avvirket i stedet for å godta overdragelse. Denne bestemmelse gjelder ikke ved overdragelse til ektefelle eller livsarvinger.

§ 12. Regler ved festetidens utløp.

Når festekontrakten er opphørt, kan eieren kreve bebyggelsen fjernet og tomta ryddet på festereens bekostning. Utkastelse kan skje uten søksmål etter tvangsfullbyrdslovens § 3, pkt. 9.

§ 13. Regler for mislighold.

Blir kontrakten hevet p.g.a. vesentlige mislighold fra festerens side, kan utkastelse skje som bestemt i § 12. Som vesentlig mislighold regnes bl.a. unnlattelse av å betale skyldig festeavgift og andel av felleskostnader innen 2—to uker fra mottatt påkrav, og unnlattelse av å rette feil begått i strid med denne kontrakt snarest mulig etter mottatt påkrav om dette. Såfremt festeren ikke har etterkommet krav om retting av feil innen en frist på 1—én måned, kan eieren, om han ønsker det, selv rette feil og belaste festeren for kostnadene.

For skyldig festeavgift har eieren adgang til å beregne seg 5 % rente over Norges Banks diskonto til enhver tid, fra sendt krav om innbetaling og inntil betaling finner sted.

Før eieren går til hevning av kontrakten, riving av hytta eller tvangsauksjon, skal han i rekommandert brev varsle panthavere med tinglyst panterett etter grunnboka. Disse kan avverge reaksjon ved innen 1—én måned fra varsel er gitt å betale det skyldige beløp + renter og kostnader.

§ 14. Panterettigheter – heftelser.

Eieren forbeholder seg førsteprioritets panterett i festeretten og bebyggelsen for et beløp inntil 3—tre— års festeavgift for skyldig festeavgift og andel av felleskostnadene, renter og andre krav mot rett til tvangsauksjon uten søksmål. Festeren kan kreve denne panterett frafalt mot å stille bankgaranti eller annen fullgod sikkerhet for tilsvarende beløp. Eieren plikter å sørge for pantefrafall på den tomt som det her er inngått festeavtale om. Tomta skal være heftelsesfri med unntak av ovennevnte panterett.

§ 15. Tinglysning.

Denne kontrakt kan tinglyses som heftelse på hovedeiendommen. Alle utgifter i forbindelse med opprettelse av kontrakten og eventuell tinglysning dekkes av festeren.

§ 16. Særbestemmelser.

De reguleringsvedtekter som gjelder for området, inngår som del av denne kontrakt, og festeren forplikter seg til å rette seg etter disse.

§ 17.

Twist om forståelsen av denne kontrakt avgjøres ved voldgift, hvor Sorenskriveren i... *Volda* oppnevner 3—tre— voldgiftsmenn og utpeker formann.

§ 18. Andre bestemmelser.

- 1) Pkt. i § 2 om „indekrevning hvert tredje år“ går ut Festeavgiften reguleres hvert femte år.
- 2) Det skal heiste administrativt i bilen etter kl 23
- 3) Basisår for indekseen er 1979.

Denne kontrakt er utstedt i 2—to— eksemplarer hvorav eier og fester har ett hver.

..... *Ameloft* den, *14/6* 19 *81*

Einar Surnes
Eier
Bjarne Skjeldestad

Jens S. Hameloft
Fester

Undertegnede attesterer at denne kontrakt er underskrevet av eier og fester og at begge er over 20 år.

- 1. *Ståle Ameloft* , person nr.
- 2. *Hilde Arne Haen* , person nr.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2017/907

Arkivkode: 149/32

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/17	Forvaltningsutvalet	29.08.2017

GBR 149/32 OG 149/39 - OPPFØRING AV BETONG FLYTEKAI - MARINE HARVEST NORWAY AS. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet finn etter ei samla vurdering ikkje at omsøkte tiltak vil medføre at intensjon i gjeldande plan vert vesentleg sett til side og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene ved tiltaket.

Forvaltningsutvalet gir såleis med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå arealbruk i gjeldande plan for omsøkte kaianlegg, slik det går fram av søknad med vedlegg motteke 12.05.2017.

Vedleggsliste:

Marine Harvest - søknad om dispensasjon frå kommuneplan, med vedlegg- motteke 12.05.2017 - oppdatert 21.06.2017.

Innspeil ved høyring.


Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan/Kystsoneplan Dravlaus.

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt fylgjer kopi av søknad om dispensasjon frå kommuneplan for plan om ny/endra flytebrygge ved Marine Harvest sitt anlegg på Dravlaus i Volda kommune.

Det aktuelle anlegget ligg innanfor område avsett til LNF-område i kommunedelplan for Dravlaus/kystsoneplan.



Utsnitt kommuneplan




Dagens situasjon

Det er tidlegare etablert veg og kai/flytebrygge i område etter godkjende planar/dispensasjon.

Den nye flytebrygga vert flytt omlag 10 m lenger ut i sjøen og får ei auka lengde frå ca 10 m til 24 m.

Det er også lagt opp til ei meir omfattande forankring av flytebrygga for å sikre stabilitet.



Situasjonsplan - planlagt utviding og forankring.

I søknaden heiter det m.a.:

"Marine Harvest avd. Dalsfjord søker herved dispensasjon etter plan- og bygningslovens §19-1, for å plassere flytekai i skissert område med landfeste og fortøying (pullert) av båt ved gbnr 148/21 og 149/3 på Dravlaus. Kaianlegg ligger i strandsonen, men er ikke til hinder for alminnelig ferdsel.

Det er tatt hensyn til estetisk utforming og plassering ved utarbeidelse av planene. Beregninger og forankring av bryggen blir utført av Marine Harvest Norway AS, utført av servicebåter som til daglig driver vedlikehold og forankring av mærde-anlegg.

Det fraktes fisk fra smoltanlegget og ut til brønnbåtene. De nye båtene har blitt større og dypere slik at det er fare for skader i bunnen, om disse blir liggende for nærme land.

I tillegg er eksisterende brygge for liten og for dårlig forankret, slik at båten har problemer med å ligge i ro. Særlig et problem ved dålig vær og sterk strøm.

Vi har stor fokus på HMS ved leveranser og dette vil bedre forholdene betraktelig.

Bryggen vil virke som bølgedemper og skjerming i forhold til båthavnen som ligger like ved"

I høve dispensasjonshandsaminga har saka vore sendt på høyring i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar. Det ligg føre fylgjande innspel:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 07.07.2017:

"For dispensasjon eventuelt blir gitt må det gjennomførast ei generell risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar (jf. pbl. § 19-2, 3. ledd og § 28-1)."

Kommentar:

Fylkesmannen sin ROS-skjema for plansaker er gjennomgått og ligg ved som dokument i saka. Det er ikkje gjennom dette påvist særlege omsyn som ikkje er vurdert i saka. jf tilrådinga og tilrådde vilkår for dispensasjon.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, e-post 25.07.2017:

"Saka er oversendt Bergen Sjøfartsmuseum for avklaring om marine kulturminne. Vi har ikkje fått svar innan frist. For vår del har vi ikkje merknader."

Bergens Sjøfartsmuseum, e-post datert 3.08.2017:

"Viser til søknad om flytebrygge ved Marine Harvest sitt settefiskanlegg ved Dravlaus i Dalsfjord i Volda. Det er ikkje kjende kulturminne under vatn der. Art og omfang på tiltaket er begrensa. Bergens Sjøfartsmuseum har ingen merknad til søknaden."

Kommentar:

Innspela gir avklaring i høve til aktuelle faginstansar.

Kystverket, e-post 4.07.2017:

"Søknader om dispensasjon blir av Kystverket vurdert opp mot formålet i Havne- og farvannsloven. Så langt vi kan se er de omsøkte tiltak ikke til vesentlig hinder for generell ferdsel i området. Ut i fra ferdselsmessige hensyn har vi ikke innvendinger til at det gis dispensasjon."

Kystverket har vurdert søknaden opp mot formålet i havne- og farvannsloven og har så langt ikke vesentlige merknader til tiltaket."

Kommentar:

Innspelet er avklarande i høve til faginstansen sine interesser.

Dravlaus og Inselset grendalag:

Har ikkje gitt uttale i saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tiltaket vil gje auka tryggleik for brukarane av kaianlegget. Gje grunnlag for sikker transport av fisk frå smoltanlegget.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen påverknad i høve til kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Opprusting viktig både tryggleiksmessig for bruken av kaianlegget og i høve til risiko for skade og røming av fisk.

Vurdering og konklusjon:

Utbetring av kai-anlegget vil vere ei viktig tilrettelegging for næringsverksemda og for auka tryggleik for brukarar og nærmiljø.

Utbetring vil gje betra tryggleik for infrastruktur tilknytt denne viktige næringsverksemd og arbeidsplassen i bygda.

Så lang ein no kjenner til, og etter gjennomført høyring og gjennomgang av Fylkesmannen si sjekkliste for ROS, vil ikkje prosjektet vere i konflikt med andre interesser i området.

Tiltaket er ei vidareutvikling av eit allereie etablert kaianlegg, og vil såleis ikkje i vesentleg grad endre situasjonen i området.

Utvidinga vil såleis ikkje medføre at intensjon i gjeldande plan vert vesentleg sett til side.

Etter administrasjonen si samla vurdering vil fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene ved tiltaket.



VOLDA KOMMUNE

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Marine Harvest v/ per.tore.rekkedal@marineharvest.com

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
NVE
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Dravlaus og Inselset grendalag
Volda kommune Teknisk sektor
Volda kommune Utvikling

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om oppføring av ny betong flytekai på landbruksområde tilhørende Marine Harvest Norway AS, GBNR. - 149/32 og 149/39

Marine Harvest avd. Dalsfjord søker herved dispensasjon etter plan- og bygningslovens §19-1, §1-8 og §12-14 til å plassere flytekai i skissert område med landfeste for GBNR. 148/21 og fortøyning (pullert) av båt GBNR. 148/21 og 149/3

§19-1 Fylkesplanlegging

Det søkes om disponering av et LNF område som ligger i kystsoneplanen for Dravlaus. Etter §21-3 er naboer og eiere av GBNR. 149/3 og 148/21 gitt samtykke for disponering av område, se vedlegg C1.

§ 1-8 Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

Kaianlegg ligger i strandsonen, men er ikke til hinder for alminnelig ferdsel. Det er tatt hensyn til estetisk utforming og plassering ved utarbeidelse av planene.

Andre ledd i loven gir forbud mot tiltak innefor 100 meter fra strandlinje, men dette gjelder ikke fasadeendring. Videre beskrives at forbudet ikke gjelder der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt opplag som skal tjene til bla. akvakultur. Vi mener bytting av eksisterende brygge til ei større brygge er en fasadeendring og at tiltakets tjenelighet bør veie tungt.

§ 12-14 Endring og oppheving av reguleringsplan.

Da det allerede ligger ei mindre brygge på plassen er dette ei mindre endring .

Forankring:

Beregninger og forankring av bryggen blir utført av Marine Harvest Norway AS. Dette blir utført av servicebåter som til daglig driver vedlikehold og forankring av mærdanlegg. Kontaktperson er Magnar Svoren (mob. 97096050, e-mail: magnar.svoren@marineharvest.com) som er Leder Serviceteam, Marine Harvest Norway AS.

Begrunnelse:

Vi ønsker å sette inn ei større brygge enn den eksisterende bryggen som ligger der i dag. Det fraktes fisk fra smoltanlegget og ut til brønnbåtene. De nye båtene har blitt større og dypere slik at det er fare for skader i bunnen, da disse blir liggende for nærme land. I tillegg er eksisterende brygge for liten og for dårlig forankret, slik at båten har problemer med å ligge i ro. Dette er særlig et stort problem ved dålig vær og sterk strøm. Vi har stor fokus på HMS ved leveranser og dette vil bedre forholdene betraktelig.

Bryggen vil virke som bølgedemper og skjerming i forhold til båthavnen som ligger like ved.


Per Tore Rekkedal 20/6-17

Mvh. Per Tore Rekkedal
Marine Harvest , prosjektingeniør

Magne Vedeld
Marine Harvest avd. Dalsfjord, driftleder


Vedlegg 1: Situasjonkart
Vedlegg 2: Dalsfjord-MHNRW-GPSdata pr dato 10.05.2017
Vedlegg 3: Betong flytekai Dalsfjorden
Vedlegg 4: MG-BB-1,8x3,6x24
Vedlegg C1-1: 5156 Kvittring for nabovarsel

Vedlegg G1-1: 5181 Erklæring om ansvarsrett Marine Harvest
Vedlegg G1-2: 5181 Erklæring om ansvarsrett Marinegruppen as
Vedlegg G1-3: 5181 Erklæring om ansvarsrett Reite Maskin as
Vedlegg G2-1: 5185 Gjennomføringsplan



1:500

23.02.2017



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

Betong Flyte kai Dalsfjorden

24x3,6 meter med landgang 18 metr ut fra land.

Fortøyninger 4 stk kryss fortøyd med 4 stk 3,5-4 tonns Ac 15 anker. Pluss to fortøyninger rett ut fra kai.

Må ev vurder om 2 av fortøyningene går i landfeste som må etableres.

Tau dimensjon 56mm med holdekraft 52 tonn.


Ca kostnad med 6 anker à 4000kg inkl kjetting sjakler kauser tau.

Hvis 2 av linene går i land så reduseres komp kostnaden til ca X men da kommer kostnad med ev etablering av landfeste i tillegg.

Det er og noe usikker hvor godt anker feste vi vil få spes på dei 2 linene som går mot land.

I tillegg kan det nok regnes ca 2 dager med service båt X pr dag.

Det kan og være mulig att vi må sette på noe sidefortøyninger som støtte, men tror det skal gå uten når vi bruker så store anker.




Marine Harvest Norway AS region west

Innmelding av posisjoner for akvakulturanlegg




Lokalitetsnavn:	Dalsfjord settelisk
Lokalitets no:	
Fylke:	
Kommune:	
Dato oppdatert	10.05.2017



Possisjoner	GPS NORD	GPS ØST	Anker Dyp	Avstand til Anlegget	Tot Lengde Fortøyning	Faktor	Tau Dim	Anker Dim
Anker anlegg								
no 1					0,00	#DIV/0!		
no 2					0,00	#DIV/0!		
no 3					0,00	#DIV/0!		
no 4					0,00	#DIV/0!		
no 5					0,00	#DIV/0!		
no 6					0,00	#DIV/0!		
no 7					0,00	#DIV/0!		
no 8					0,00	#DIV/0!		
no 9					0,00	#DIV/0!		
no 10					0,00	#DIV/0!		
no 11					0,00	#DIV/0!		
no 12					0,00	#DIV/0!		
no 13					0,00	#DIV/0!		
no 14					0,00	#DIV/0!		
no 15					0,00	#DIV/0!		
no 16					0,00	#DIV/0!		
no 17					0,00	#DIV/0!		
no 18					0,00	#DIV/0!		
no 19					0,00	#DIV/0!		
no 20					0,00	#DIV/0!		
no 21					0,00	#DIV/0!		
no 22					0,00	#DIV/0!		
no 23					0,00	#DIV/0!		
no 24					0,00	#DIV/0!		
no 25					0,00	#DIV/0!		
no 26					0,00	#DIV/0!		
no 27					0,00	#DIV/0!		
no 28					0,00	#DIV/0!		
no 29					0,00	#DIV/0!		
Anker flåte			Dyp	Avstand	0,00			
fl 01	62.07.397	005.56.736	9	33	34,21	3,80	56mm	ank/bolt
fl 02	62.07.450	005.56.735	15	47	49,34	3,29	56mm	3t-ac
fl 03	62.07.462	005.56.781	34	74	81,44	2,40	56mm	4t-ac
fl 04	62.07.426	005.56.830	45	68	81,54	1,81	56mm	3t-ac
fl 05	62.07.413	005.56.824	38	63	73,57	1,94	56mm	3t-ac
fl 06	62.07.386	005.56.771	23	54	58,69	2,55	56mm	4t-ac
fl 07					0,00	#DIV/0!		
fl 08					0,00	#DIV/0!		
			Dyp		378,79			
Poss flåte								
Hjørneposs Anlegg			Dyp					
NV	62.07.426	005.56.746	14				Mijø	
NØ	62.07.462	005.56.751	17				Hs	
